



Dette er den endelege tekniske plan for Ospelunden med tomannsbustadane som den gule klynga

Endeleg er det like før byggjestart i Ospelunden, Uskedalens største bustadfelt med 60 tomter. I fyrste omgang vert det bygt 2 tomannsbustader og 2 einebustander og det er klart for byggjestart for begge kategoriar. Oddbjørn Kroka har sjølv teke seg av avskoginga av området der tomannsbustadane skal liggja og er snart ferdig med den jobben. Det står att litt i øvre delen.



Oddbjørn Kroka er snart ferdig med avskoginga. Til høgre i bildet ser ein venteskuret

Byggjesteget 1 vil også omfatta opparbeiding av rundt rekna 500 meter veg og 1000 meter leidningsgrøfter for vatn, kloakk og overflatevatn. Kabelgrøfter kjem i tillegg.

Dei 2 første einebustadane vert reist like ved bustaden til Kroka medan dei 5 tomannsbustadane skal liggje i ei klynge mellom 2 nye vegar omtrent rett opp for venteskuret ved fylkesvegen. Den nye avkøyringa til Ospelunden vil verta opparbeidd litt nærare sentrum enn den noverande, og det vert ein ny veg parallellt med fylkesvegen.. Det er Kvinnherad Bygg som skal etablere byggjefeltet saman med Kroka.

Det teiknar til å verta stor byggjeverksemd i Uskedalen framover. Nyleg presenterte vi Eikelandprosjektet som går fort framover og det er endeleg gjeve igangsetjingsløyve for Nedre Halsabrotet. Der vert det 4 tomannsbustadar og ein tremannsbustad og halvparten er selt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen